



Vår ref.  
21/00350-5

Dato  
25.02.2021

## Retningslinjer for næringsfondet/kraftfondet i Surnadal kommune

Vedteke av kommunestyret 18.03.2021

1. Alle saker/søknader blir vurderte og behandla innanfor rammene til fondet sine vedtekter.
2. Søknader med søknadsbeløp under kr 500 000 kan bli behandla og vedtekne i formannskapet. Søknader med søknadsbeløp over kr 500 000 skal også behandlast i formannskapet, men dei blir sende vidare til kommunestyret for endeleg behandling.  
Ordførar og/eller kommunedirektør har fullmakt til å behandle søknader med søknadsbeløp inntil kr 40 000 administrativt. Slike administrative vedtak skal leggast fram i formannskapet som referatsaker.
3. Søknaden skal innehalde ei vurdering av korleis bedrifta eller tiltaket vil bidra til å nå FN sine berekraftmål.
4. Søkaren skal som hovudregel levere søknad via skjemaet tilgjengeleg på Surnadal kommune si heimeside, og må inkludere nødvendige vedlegg. Søknaden må som eit minimum, greie ut for tiltaket/prosjektet, budsjett/kostnadsoppsett og finansieringsplan.  
Søknadsfristen er løpende og søknader blir behandla etter kvart som dei er mottekne.
5. Søkaren må være eit føretak/ein organisasjon registrert med eit organisasjonsnummer, og ha forretningsadresse i Surnadal kommune.
6. Eit beløp på kr 150 000 blir årleg sett av til nyetablering og støtte til nyetablerarar. Denne støtta følger regelverket til hoppid.no-støtteordninga.  
Slike løyvingar er på maksimalt kr 30 000 pr. sak, og er derfor innanfor beløpet som ordføraren/kommunedirektøren har fullmakt til å løyve, jf. pkt. 2.
7. Eit beløp på kr 500 000 blir årleg sett av til eit landbruksfond. Av dette beløpet kr 150 000 øyremerk skogbruksmidlar. Landbruksfondet har eigne retningslinjer, og er delegert til administrasjonen å forvalte.

Postadresse

,

E-post

post@surnadal.kommune.no

Besøksadresse

<https://www.surnadal.kommune.no>

Telefon

+47 71 65 58 00

Org.nr

964 981 892

8. Av dei årlege innbetalingane til fondet skal det kvart år settast av minimum kr.200.000,- som skal bidra til å bygge opp ein reserve på fondet.
9. Det er ikkje høve til å gi lån over næringsfondet
10. Det er viktig å ta omsyn til andre verksemder i same bransje ved behandling av søknader, slik at tilskot frå næringsfondet ikkje er til hinder for utvikling av andre lokale verksemde og er lokalt konkurransevidande.
11. Søknader til næringsfondet som fører til nye arbeidsplassar skal prioriterast. Det same gjeld tiltak som bidrar til å sikre eksisterande arbeidsplasser. Arbeidsplassane skal ha firmadresse innafor kommunen – også fram i tid
12. Ein bør prioritere tilskot som kan vere utløysande, dvs. som kan føre til ytterlegare støtte frå andre, som t.d. Innovasjon Norge.
13. Ved søknader frå eksisterande bedrifter, bør ein prioritere tiltak som stimulerer til vekst.
14. Heiltidsnæring bør vere prioritert over hobbyverksemd.
15. Tiltak som bidreg til det «Grøne skiftet» bør vektleggast.
16. Kvinneleg og ung entreprenørskap bør vektleggast